

PRAKTISK INFORMASJON:

Ein fagleg samansett jury vil velja ut pilotområde.

Ønskjer du meir informasjon ta kontakt med prosjektleiar Olav Steinar Namtvedt,
tlf. 91380694, e-post: olav-na@online.no


Frist for levering av søknad: **1. oktober 2017**

Meir informasjon om Nordhordland Biosfæreområde finn du på nettet:

www.nordhordlandbiosphere.no

Les meir om Biosfæreressatsinga og pilotprosjektet på våre nettsider.

Der finn du også søknadsskjema og meir informasjon.



INVITASJON TIL GRUNNEIGARAR

DELTA I PILOTPROSJEKTET
«HEILSKAPLEG FORVALTING AV LANDSKAPET»

«Heilskapecleg forvalting av landskapet» er ein del av biosfæreprosjektet i Nordhordland.
Me skal velja ut eit pilotområde for kartlegging av behov og utprøving av tiltak,
for å utvikle eit variert og levande landskap der det er godt å leva og verka.

REGION
NORDHORDLAND



PILOTOMRÅDE I NORDHORDLAND: KVEN KAN SØKJA?

Overordna mål er å ta gjengroingsutfordringane i Nordhordland frå problem til ressurs, med visjon om å gjera Nordhordland til eit modellområde for heilsakleg forvalting av kystlandskapet. Me inviterer grunneigarane innan Biosfæreområde Nordhordland til å delta i piloten, gjerne i samarbeid med aktive bygdelag eller andre organisasjonar!

Aktive grunneigarar som har eit gjengrodd område som dei ønskjer skal komma i produksjon att. Det kan vera til slått eller beite, skjøtsel av skog eller utmark. Biologisk mangfald, kulturminne og område for rekreasjon/friluftsliv, vil og vera viktige moment for utvelging av område.

Eit pilotområde bør vera av ein viss storleik, der fleire grunneigarar samarbeider for å prøva ut tiltak som kan gje ei berekraftig drift.

No har de ein sjanse til å få hjelp til søkerader, fagleg og økonomisk stønad undervegs, og god merksemnd. Kanskje dette kan bli ein av visningsstadane for UNESCO sitt nye Biosfæreområde i Nordhordland?



KVA KRITERIE VIL VERTA LAGT TIL GRUNN FOR UTVELGING AV PILOTOMRÅDE?

- Ulike landskapstypar som kan utnyttast økonomisk: - jordbruk, - beite, - barskog, - blanda skog
- Potensiale for tilleggsnæringer som kan skapa inntekter (reiseliv, jakt, fiske m.m.)
- Biologisk mangfald (plantar, dyr, fuglar)
- Lett tilgjengeleg (for vising, turstiar)
- Interesserte aktørar som dreg i same retning og er samde om kva som trengs/skal gjerast for å lukkast



KVA MÅ SØKNADEN DIN INNEHALDA?

- Skisse til opplegg
- Nytteverdi for området
- Gjennomføringsplan med tidsplan og budsjett
- Framtidig driftsopplegg

KVA VIL PROSJEKTET BIDRA MED?

- God rettleiing før og undervegs i arbeidet
- Fagleg bistand frå ressurspersonar innan aktuelle fagområde
- Finna mogelege samarbeidspartar
- Hjelp til finansiering og gjennomføring
- Søknadsskjema - hjelp til skisser/presentasjon
- Marknadsføring av prosjektet

PROSJEKTPERIODE: 3 ÅR



1971



2005

Lynghedrifta på Fonnes opphørte i 1975. I løpet av 30 år har skogen spreidd seg utover landskapet.